

18/2051 - 27



Kartverket

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:
18/2051-19/14398

Vår ref. 14727356
Sak/dok.: 19/31642-2
Ark.: 346

Dato:
16.07.2019

Dokumenta har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 23 bnr. 567, 611, 612, 613 og 614 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har prøvd å nå dykk på telefon, men har ikkje fått svar. Frådelingane og erklæringa de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei. Vi viser til tidligare returbrev datert 27.06.2019.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Boligbygg Vest AS har ikkje lenger heimel til gnr. 23 bnr. 612. Heimelshavaren, det vil seie den som ut frå grunnboka har rett til å disponere, må samtykkje til tinglysinga. Dette følgjer av tinglysingslova § 13 første ledd. Dersom de har ført opp feil eigedom i dokumentet, må de rette dokumentet.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 98.

Venleg helsing

Silje Skansen Elfving
saksbehandler

Lene Høibakk
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

■ www.kartverket.no